

*Adr. Fosslandsosen*

Ja

1. Nei.
2. Det var visst slutt før eg vart fødd (1875), og eg har ikkje høyrd om nokon her som i den tida eg minns har brygga maltøl. Men eg minns det ofte vart snakka om maltøl, så eg forsto at folk som levde da, før hadde brukt eller vori med og brygga maltøl, og at maltøl før hadde vori vanlig. Eg høyrde såleis ofte dei snakka om "meikkjingja", der dei tørka maltet. Årsaken til at det vart slutt? Kan hende det vart forbud mot melting. Eg forsto det slik av det folk ~~sa~~ snakka at dei hadde lov til å lage malt til eget bruk, men ikkje til sal. Om denne oppfatninga er rett, veit eg ikkje. Men eg fekk den meininga at det vart vanlig å kjøpe malt, når dei skulle brygge maltøl. Kan hende dette var ein av årsakene til at det vart slutt? Men største årsaken kom visst frå det pietistiske synet som ved denne tida slo igjennom, og frå avhaldsrørsla. I min oppvekst var det nok mange som kunne brygging av maltøl og snakka om korleis det gjekk til, men eg kan ikkje no hugse noko om det, og all tradisjon om dette er visst no heilt borte.
3. og 4. Dei tok no til å brygge sirupøl, men såvidt eg skynar, er dette og no så godt som avlagt, og eg hugsar ikkje omgangsmåten så godt at eg kan gje pålitande opplysning om han. Men eg hugsar dei gjorde kar og ankrar reine med einlaug. Om dei hadde noko einlaug i det ~~som skulle bli øl~~, hugsar eg ikkje, men det var kanskje nokon som gjorde det og. Eg hugsar vi som ungar syntes det smaka sterkt av einlaug tå ølet på ein av nabogårdane i jula. Ellest bruka dei no sirup og humle og gjæster. Så var det da gjæringa som hadde interesse, iser for borna, og dei var glade i sirupølet når det var ferdig. Det var som ei høgtid med, som no er borte.
5. Om maltølet har eg høyrd det ordtaket: "Ei tynn øl tå ei tynn malt". til dette skulle det vel så bli ei "tynn tynndrekk". Dette er ventelig litt overdrivi. Om dei kanskje lika sirupølet betre enn maltølet, har eg ikkje høyrd, men det er vel ikkje utenkjande, og da har vel dette og hjelpt på forandringa.
5. Ja, delvis, men ikkje vanlig. Delvis blir det og kjøpt ferdig øl.
6. Til høgtidsbruk, men ikkje vanlig alltid da heller. Øl held ein ikkje no turvande alltid til høgtid heller.

B. Den gamle heimebrygging.

7. Det tør eg ikkje seie noko visst om. Eg trur nærmast at både husfaren og husmora hadde sin del av arbeidet, og at kanskje største ansvaret låg på husmora. Eg trur og at huslyden ellst også hjelpte til (?).
8. Det kjenner eg ikkje til. Har heller ikkje høyrd at dei bryga for andre, eller at nokon dreiv ~~heimebrygging~~ brygging som spesielt fag.
9. Eg har ikkje høyrd nko om at fleirehuslydar slo seg saman om bryging. Eg trur helst huslydane brygga kvar for seg. Annsleis kunne det vel vera i meir tettgrendte bygder.
10. Det eg mins, vart det her brygga til jul og til bryllaup. Dette var heilt vanlig. Men eg mins ikkje at det var vanlig ved andre høve. Eg finn det/ likefullt trulig at det før hadde vori skikk å bryggje ved dei høve som er nemnt i spørrelista.
11. Det kjenar eg ikje til.
12. Det kjenner eg ikkje til. Men det er trulig dei, fallfall i velstandshus, tok slike omsyn.

C. Malt.

13. Det måtte dei nok gjera, etter at det vart ulovlig å melte, ja kanskje før og i eit knipetak. Malt fekk dei ventelig hos kremmaren, og etter at Namsos vart by, vart vel malt også å få i byen.
14. Eg har høyrd sagt dei brukte bygg. Andre opplysningar under dette punktet er eg ikkje i stand til å gje.
15. Eg trur eg har høyrd dei tok av det beste (veggranda).
16. Det har eg visst ikkje høyrd.
17. Heller ikkje.
18. Trur eg har høyrd det vart lagt på eit loftgolv, der det var sl (varme) i rommet undet. Trur eg har høyrd det vart lagt i ein haug, for at det skulle ta varme, og sia rota meir utover.
19. Det har eg ikkje høyrd.
20. Eg har høyrd det vart lagt åkle over.
21. Kjenner ikkje til det.
22. Heller ikkje.
23. Dei såg det visst på lengda på ålen. Trur eg har høyrd den skulle vera eim tom, men er ikkje no viss på det.
24. Groren kalla dei ålen (åån). Dei andre namna kjenner eg ikkje.
25. Veit ikkje.
26. Veit ikkje.
27. Ikkje nokon kjennskap til det.
28. Noko slik utgreiing kan eg ikkje gje. Eg har berre høyrd snakk om meikkjinn. Eit ordtak: "De e heitt i meikkjinn" vart gjerne brukt når det var for varmt i stua.
29. Har og høyrd at dei tørka maltet på ei vanlig tørkhylle med varme under. Eg har forstått det slik at ein da måtte vera sers varsam. Trur og å ha høyrd at dei tørka maltet i hekkja. Desse 2 siste innretningane var også brukt til å tørke korn som skulle malast til mjøl.
31. Det skulle visst berre grøppast, trur eg.
32. Veit ikkje.
33. Heller ikkje.

D. Humle.

34. Somme hadde humlehage, og somme kjøpte hos kremmaren
35. Veit ikkje.
36. Vart vel helst dyrka ved husveggen. Korleis dei lagra han, veit eg ikkje..
37. Av andre plantar hugsar eg ikkje anna enn eine som somme brukte.

E. Brygging.

38. Det kan eg diverre ikkje gjera greie for, men eg har forstått det slik at det skulle til mange reidskapar.
39. Dei brukte her einlaug. Om dei brukte noko anna, kjenner eg ikkje til.
40. Eg kan ikkje svara på noko av dette .
41. Heller ikkje på noko av dette.
42. Det tør eg ikkje seie noko om.
43. Heller ikkje.
44. Veit ikkje.
45. Eg har høyrd ordet meisk, og å meiske seg, men i anna tyding : å sette flust i seg av noko som er rettelig godt.
46. Veit ikkje.
47. Heller ikkje.
48. Ventelig gjorde dei det.
49. Veit ikkje.
50. Veit ikkje.
51. Veit ikkje.
52. Visstnok værter.
53. Veit ikkje.
54. Heller ikkje.
55. Heller ikkje.
56. Heller ikkje.
57. Heller ikkje.
58. Heller ikkje. Har høyrd det var noko dei kalla "Eynndrekk"
59. Eg har høyrd namna, både meisk, mask og drav, men veit ikkje ka det var namn på.
60. Trur å ha høyrd det vart nytta til flatbrød og krøtermat.

F. Gjæring.

61. Veit ikkje
  62. Veit ikkje.
  63. ~~Veit ikkje~~ Gjæster.
  64. Veit ikkje.
  65. Veit ikkje.
  66. Veit ikkje.
  67. Kjenner ikkje til det. Det var vel krafta av gjæringsprosessen og tida som var rettleidinga (?).
  68. Kjenner ikkje namn på dette, men trur å ha høyrd at dei brukte av gjæren til brødbaking og seinare brygging. Dei brukte òg allfall det etter dei hadde bynt å brygge sirupøl. Men om det var av toppgjæren eller botngjæren, veit eg ikkje
  69. Kan ikkje svara på noko under dette punktet.
  70. Kjenner ikkje til det
  71. Dei gjorde visst begge deler, det eg kan hugse.
  72. Det kan eg ikkje hugse noe om.
  73. Veit ikkje.
  74. Heller ikkje.
  75. Jau, eg trur det var skikken, og alle i huslyden var nok huga på å smaka på det nye ølet. Kjenningar som tilfeldig var tilstades vart sjølvsagt bødi.
- Vidare veit eg ikkje noko å svara her.

76. Kjenner ikkje noko til det.
77. Veit ikkje.
78. Heller ikkje.
79. Det finn eg rimelig, nesten sjølvst.
80. Såvidt eg kan minnast, skulle det vera eit tomrom, "rom å gå på". Storleiken av tomrommet hugsar eg ikkje.
81. Sirupølet heldt seg visst 2 til 3 veker. Lagring i kjellaren.
82. Veit ikkje.

#### G. Meininger og truer.

83. Kan ikkje hugse noko om det.
84. Ingen som eg kan hugse.
85. Ikkje så langt att eg kan mins. Rimelig det var slik før.
86. Ventelig det, men eg kan ikkje hugse noko om det.
87. Ukjent for meg.
88. Det var det ventelig, men det måtte vera før mi tid.
89. Kjenner ikkje noko til det.
90. Heller ikkje.
91. Heller ikkje.
92. Eg trur sikkert dei hytta for ølet som for andre matvarer ved å skjera kors, men har ikkje noko minne om det.. Stålet var jo eit trygt middel ved sloke høve, likeså
93. korset.
93. Kjenner ikkje til det, men ikkje utrug.
94. Ventelig korset og stålet og ymse anna.
95. Veit ikkje
96. Veit ikkje.
97. "Tammåsmessdan", var det visst. "Tammås" me bøttan".
98. Har ikkje høyrd det ordtaket.

#### H. Mjød.

99. Veit ikkje om det her har vori brukt eller laga mjød.
100. Ikkje kjennskap til det.
101. Første spm.: Nei. -- Andre spm.: Nei.
102. Veit ikkje.
103. Veit ikkje.

Er leid for at det meste av dette vart negativt. Men såvidt eg veit, er det no ingen i live her i bygda som kan svara til fullnads på desse spørsmåla. Det kan nok vera meir att av tradisjonen i andre bygder.

Fosslandsosen 7/11 - 1952.